

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.02.2014**

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag:

"Alternativ til punkt 3:

Fylkesutvalet ber om at det i den vidare utgreiinga vert vurdert innført miljødifferensiert sambruksfelt med opning for varetransport med Euro6 motor i ei forsøksordning på to år."

**Aud Karin Oen** sette fram slik protokollmerknad:

"SV har som prinsipp at kollektivfelt skal vera for kollektivtransport, men kan støtta overgangsordningar for el-bilar og miljøvenleg varetransport."

### **Røysting**

Innstillinga punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 3 vart vedteken med 14 røyster mot 1 røyst (SV) for Oen sitt forslag.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering.
2. Fylkesutvalet er nøgd med at fylkesrådmannen ser det som aktuelt at det startar opp eit prosjekt som avklarar kva som skal til for etablering av sambruksfelt på vestre innfartsåre. Fylkesutvalet ser fram til at dette kjem i gong, og ber om å få halvårlege løypemeldingar på dette prosjektet.
3. Fylkesutvalet ber om at det i den vidare utgreiinga vert vurdert sambruksfelt der ein slepp til næringskøyretøy over 7,5 t.

### **Protokollmerknad frå SV**

SV har som prinsipp at kollektivfelt skal vera for kollektivtransport, men kan støtta overgangsordningar for el-bilar og miljøvenleg varetransport.